

Jnr.1036.14

GJG/rr

Modalen kommune  
P.b 44  
5729 Modalen

Att: Ordfører Knut Moe

**Vedkjem oppfølging av tiltak i "Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2013"**

Syner til Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2013 der det er sett av kr. 210 000 ,- til delfinansiering av prosjektet "Næringsutvikling og reiseliv i Modalen". Planen vart godkjent i Fylkesutvalet 20. februar d.å, og tiltaka kan setjast i gang.

I planen står det følgjande om prosjektet:

Reiseliv er eit satsingsområde i Modalen, og eit av tiltaka innan båtturisme er ei vidare utvikling av båthamna på Mo. Dette for å kunna auka både kapasiteten og kvaliteten på tilbodet. Modalen kommune har mange fine turveggar som er merka og skilta. Desse vegane må vedlikehaldas, bruer må reparerast og rydding av småskog og anna vedlikehaldsarbeid må utførast årleg.

Det er kjøpt inn ein portal i grindverk som skal brukast til informasjonstavle i Mo sentrum ved Otterstad bru. Det er tenkt lyssetjing, tavler med kart, informasjon om ulike tilbod, turistattraksjonar, overnatting, turveggar m.m. Bedriftene i Modalen ynskjer å prioritera bruken av kompensasjonsmidlar til desse tiltaka.

**Mål**

Planlegga og tilrettelegga for nødvendige tiltak for gjestehamna på Mo og utvikling av turløyper.

**Organisering**

Styringsgruppe med representantar frå reiseliv og kommune.

**Aktivitetar og innhald**

Kartlegga, prioritera og gjennomføra nødvendige tiltak.

Prosjekt 2013	Kostnadar
Informasjonsportal	160 000
Gjestehamn - Bryggjeslottet	100 000
Turvegar	250 000
Info/tavler-skilt	100 000
<b>Totalt</b>	<b>610 000</b>

**Budsjett:**

Kompensasjonsmidlar 2007                      Kr. 250 000  
Kompensasjonsmidlar 2008                      Kr. 200 000  
Kompensasjonsmidlar 2009                      Kr. 200 000

Kompensasjonsmidlar 2010	kr. 300 000
Kompensasjonsmidlar 2011	kr. 150 000
Kompensasjonsmidlar 2012	kr. 200 000
<b>Kompensasjonsmidlar 2013</b>	<b>kr. 210 000</b>

Alle prosjekta må leggjast inn i RF13.50 ( sjå [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no)) før saka kan handsamast.  
Kontaktperson hjå HFK er Yngvar Hagala, telefon 55 37 80 16.  
Spørsmål kan og rettast til underteikna.

Dersom det er spørsmål vedrørande bruk av midlane, ta kontakt med underteikna.

Lukka til med prosjektet!

Sunnhordland, 26. februar 2014

Med venleg helsing



Gro J. Gjerde  
Sekretariat for styringsgruppa

Kopi: Arthur Arnesen